

Høyringsuttale



Norsk Studentunion
-stifta 1936 -

Storgata 19, 0184 Oslo
Tlf: 22044950
Fax: 22244247
E-mail: nsu@nsu.no
Web: www.nsu.no

Høyringsuttale til ”Høring – Utkast til forskrift om endring i forskrift om tilskudd til studentboliger”

**Høyringsuttale frå
Norsk Studentunion**

Norsk Studentunion (NSU) takkar for høvet til å uttale seg. NSU sitt Landstyremøte har 26.09.09 vedteke høyringa:

1. Språklege endringar

NSU har ingen merknadar til dei språklege endringane som er føreslått.

2. Endringar i §2 om kven som kan få tilskotet

NSU støtter Kunnskapsdepartementet sitt forslag om å stramme inn §2 om kven som kan få tilskot til bygging av studentbustader til kun å gjelde studentbustadsstiftingar i særskilte tilfelle. NSU er av den oppfatning at studentsamskipnadane er den best måten å organisere studentvelferda på, særskilt med tanke på at desse er studentstyrte, og ynskjer difor at tilskot til studentbustader i all hovudsak skal gis til desse. Gjennom å gje tilskot til studentbustadsbygging gjennom studentsamskipnadane vil departementet óg i større grad ha høve til å sikre at statlege midlar vert nytta til studentane sitt beste.

NSU vil påpeike at det ikkje er samsvar med formuleringane i høyringsbrevet og teksta i sjølve forskriften. NSU tykkjer formuleringa i høyringsbrevet er tydeligst: "Tilskudd kan gis til studentsamskipnader og i særlege tilfeller studentboligstiftelser".

3. Endringar i praktiseringa av forskrifta

NSU er kritiske til at departementet planlegg endringar i praksisen på ulike områder relatert til tilskot for studentbustader utan å inkludere desse i forskrifta. Å la endringar i praksis framkomme i eksempelvis tilskotsbrev vil gjere praksisen sær s uforutsigbar for studentsamskipnadane, og soleis vanskeleg å forhalde seg til. I tillegg vil det å utelate eventuelle endringar frå forskrifta og tilhøyrande høyringsrunde gjere det vanskeleg for relevante aktørar, som NSU, å uttale seg.

4. Andre merknadar

NSU vil nytte høvet til å uttale seg om §3 i forskrifta, vedrørande kva det kan gis tilskot til. NSU meiner det er uheldig at departementet i forskrift har opna for at det kan gis tilskot til rehabilitering av eksisterande studentbustader, og ynskjer at punktet strykast. NSU meiner det er uheldig at fleire studentsamskipnadar tidlegare ikkje har sett av nok midlar til vedlikehald av studentbustader, og at det er studentane som må lide for dette. Problemstillinga med dårleg vedlikehald av studentbustader er ei som må takast på alvor, men NSU meiner at ein må sjå på andre alternativ enn å gje tilskot frå staten. NSU meiner det er studentsamskipnadane sjølve som har ansvar for å vedlikehalde bygningsmassa si, og det difor vil vere galt om ein premierer dei studentsamskipnadane som har unnlatt å vedlikehalde studentbustadane sine. Å gje statstilskot til rehabilitering av eksisterande studentbustader vil truleg gå på bekostning av tilskota til nye studentbustader, noko NSU ser som lite ønskeleg, særskilt i lys av dagens nasjonale studentbustadssituasjon. NSU meiner vidare at i kor stor grad studentsamskipnadane har gjennomført tilstrekkeleg vedlikehald av bygningsmassa si må inngå i kriteriane for tilskot, og at det i større grad enn i dag må førast tilsyn for å sikre at mangel på vedlikehald av eksisterande bygningsmasse ikkje førekjem no og i framtida.

Til §9: Her står at studentbustader ikkje kan "pantsettes" utan departementet sitt samtykke. NSU tykkjer dette er unødvendig byråkratisk: Dette tyder i realiteta at Departementet må handsame alle lånesaker som vedrører studentbustader, herunder refinansiering av lån, opptak av lån til oppussing m.v. Dette man medføre unødig og kostbar tidspille. NSU kan ikkje heilt sjå at Departementet kan overprøve eller realitetshandsame alle slike saker – og foreslår at ordlyden "eller pantsettes" vert strøke.